



Voss herad

KUNNSKAPGRUNNLAG

TIL SAK OM SKULESTRUKTUR – VÅREN 2025

Innholdsliste:

- [Vossaskulen overordna utviklingstrekk](#)
- [Dagens skulestruktur](#)
- [Kva er kvalitet i skulen?](#)
- [Kompetanse og bemanning](#)
- [Barn med store hjelpebehov](#)
- [Skuleveg og skuleskyss](#)
- [Økonomi](#)
- [Medverknad](#)




OVERORDNA UTVIKLINGSTREKK

Demografi I


I SSB sitt hovudalternativ er det forventa befolkningsauke på om lag 5,1% i Noreg som heilskap. I Vestland fylke er det forventa ein noko lågare vekst, på 3,1%.

I følgje NAV sitt demografiverktøy vil Voss, innan utgangen av 2035 få:


- Ei auke på 0,5 % barn og unge (0 -19 år)
- Ei auke på 2,8% vaksne i arbeidsfør alder (20 – 66 år)
- Ei auke på 15,5% eldre (67 år og oppover)



På Voss er det forventa at 70% av veksten vil skje i sentrumsområde, og dei resterande 30% vert fordelt utover resten av heradet.



Befolkningsauke i dei fleste skulekrinsane sidan 2010




..men kva er grunnen til oppgong eller nedgong i dei ulike krinsane?

Demografi II

Illustrasjonen kjem frå LÉVA-rapporten som er bestilt i høve revisjon av kommuneplanen. Den viser oppgang og nedgang i befolkninga over dei siste 15 åra.

2050: befolkningsvekst & høg andel eldre

- Utfordringar knytt til bustad, arbeidskraft, skatteinntektar, mm.
- Korleis planleggje og motverke dei store demografiske prognosane?




Demografi III

Samstundes er det viktig å ha med seg at me vert færre i yrkesaktivalder sett i forhold til ein aldrande befolkning.

Nøkkeltal barnetrinnet (5. – 7. trinn)



- 67% av elevane er nøgde med skulen dei går på. Tilsvarende tal for landet som heilskap er 80%
- 86% av elevane trivs på skulane. Tilsvarende tal for landet som heilskap er 91%
- 79% av elevane kjedar seg på skulen. Tilsvarende tal for landet som heilskap er 69%
- 31% av elevane gruar seg til å gå på skulen. Tilsvarende tal for landet som heilskap er 26%
- 92% kjenner seg trygge på veg til og frå skulen. Her ligg Voss likt som landet elles.


Kjelde: [Ungdata 2024](#)



Nøkkeltal ungdomstrinnet

- Fleire elevar på Voss enn i Vestland er nøgd med skulen dei går på, men me ligg under landsgjennomsnittet.
- 81% trur dei vil fullføre vidaregåande skule, og 46% trur dei vil ta høgare utdanning.
- 81% er heilt- eller litt einig om at dei trivs på skulen





DAGENS SKULESTRUKTUR




I Voss herad er det totalt 11 grunnskular samt vaksenopplæringa. Skuleåret 2024/2025 var det 1 973 elevar som fekk grunnskuleopplæringa si ved heradet sine barne og ungdomsskular.

- 8 barneskular
- 1 ungdomsskule
- 2 kombinerte barne- og ungdomsskular
- 1 vaksenopplæring



Fordeling av elevane i Vossaskulen



Skulekrinsar mot nord

Vossestrand barne- og ungdomsskule grensar mot

- Skulestad skule: E-16 ved Taulen
- Voss ungdomsskule: E-16 ved Taulen
- Ytre kommunegrensar

Skulestad Skule grensar mot

- Vangen skule: Groa ved Hagahaugen, via Mølstervegen og Ringheimsvegen til utløp av Lundarosen – rett linja mot Raundalselvi
- Palmafossen skule: Vasslii f.o.m. 78, stigjande. Almelandsvegen – til Reppavegen. Reppavegen t.o.m 625.
- Vossestrand- barne- og ungdomsskule: Sjå ovanfor


Skulekrins i vest


Evanger skule grensar mot

- Bulken skule: t.o.m. gardane Geitle, Kolle, Steine mot aust
- Grendene Bolstad og Evanger, ytre kommunegrenser

Bulken skule grensar mot

- Evanger skule: f.o.m. Eide/Eidesmoen I vest
- Gullfjordungen skule: på nordsida av Vangsvatnet frå Hellesneset
- Gjernes skule: på sørsida av Vangsvatnet frå Vikjavegen 568 stigjande mot Bulken






Skulekrins i sør

Bjørgum skule grensar mot

- Palmafossen skule: Hardangervegen t.o.m avkjøyrslø Bjørkevegen. Bjørkevegen – Vivåslii – Vivåsvegen – Skutlesvegen 198, stigande.
- Granvin barne- og ungdomsskule: Sjø nede

Granvin barne- og ungdomsskule grensar mot

- Bjørgum skule: Gamal kommunegrense v/ Svelgane/Tunsberg
- Voss ungdomsskule: Gamal kommunegrense v/ Svelgane/Tunsberg
- Ytre kommunegrense



Skulekrinsar i og rundt sentrum

Gullfjordungen skule grensar mot

- Bulken skule: Hellesneset. Honvesvegen 125 synkande mot Gullfjordungen.
- Vangen skule: Nordsida av jernbanen til Ringheimsvegen. Vest for Ringheimsvegen – gangveg mellom Ringheimsvegen og Lekvebakken til Sivlevegen. Begge sider av Osavegen.

Vangen skule grensar mot

- Gullfjordungen skule: Sjå Gullfjordungen skule
- Skulestad skule: Sjå skulestad skule
- Gjernes skule: Sjå Gjernes skule
- Palmafossen skule: Sjå Palmafossen skule

Gjernes skule grensar mot

- Vangen skule: Groadalen - kryss Blomvegen, vidare Blomvegen f.o.m. 20 - rett lina til kryss Gamle Bordalsvegen/Nyresvegen - rett lina mot Haugo til rett lina ned frå kryss Bordalsvegen/Øvre Storehagen. Nyresfeltet. Vosso skil aust / vest.
- Palmafossen skule: Bordalsvegen, frå avkøyrslø Øvre Storehagen og utover. Rett lina opp frå kryss Bordalsvegen/Øvre Storhagen. Haugo.

Palmafossen skule grensar mot

- Vangen skule: Brynavollen. Hardangervegen f.o.m 57. Bordalsvegen til kryss Øvre Storhagen. Bordalsvegen 83. b.
- Gjernes skule: Rett lina opp frå kryss Bordalsvegen/Øvre Storhagen. c. Skulestad skule: Tvildesvegen – (Vasslii) – Norheimsmarka. d. Bjørgum skule: Raundalselva. Hardangervegen til avkøyrslø Bjørkevegen. Skutlesvegen t.o.m. 184

Voss ungdomsskule grensar mot

- Voss ungdomsskule er nærungdomsskule, for alle skulekrinsane forutan Vossestrand og Granvin.



KVA ER KVALITET I SKULEN?

Dette kjenneteiknar ein skule av høg kvalitet

Dette er sektormålene for skolen:

- alle har et godt og inkluderende læringsmiljø
- barn og unge som har behov for det, får hjelp tidlig, slik at alle får utviklet potensialet sitt
- ansatte i kunnskapssektoren har høy kompetanse
- alle lykkes i opplæringen og utdanningen

Elevane

- Elevane kjenner seg trygge. Dei er del av eit positivt sosialt fellesskap, med jamaldrande
- Elevane får høve til å utfolda seg og meistrar utfordringane dei får
- Elevane opplever at foreldre og lærarar gjev dei hjelp ved behov
- Elevane kjenner fagleg meistring knytt til eige skulearbeid

Dei tilsette

- Dei tilsette har høg fagleg kompetanse
- Skulen har ei tydleg leiing og struktur som viser retning
- Dei tilsette har ei felles forståing av mål og oppgåver
- Det er gode relasjonar mellom dei tilsette, mellom tilsette - elev og mellom tilsette - heimen
- Det er eit effektivt samarbeid mellom tilsette og mellom tilsette og andre hjelpeinstansar utanfor skulen

Struktur- prosess- og resultatkvalitet

Udir forklarer kvalitet i barnehagen og skulen ved å dele det opp i tre ulike formar for kvalitet: Struktur- prosess- og resultatkvalitet.


Graden av prosesskvalitet i skulen legg til rette for eller avgrensar resultatkvaliteten. Med andre ord, gode relasjonar og samhandling mellom vaksne og barn (prosesskvalitet), er avgjerande for barn si trivsel og utvikling (resultatkvalitet).

Det er rammene (strukturkvalitetane) rundt barn og tilsette som enten bidreg til, eller avgrensar moglegheita til å kunne oppnå prosesskvalitet. Sjølv om god strukturkvalitet ikkje gjev nokon garanti for at barn trivst og utviklar seg, vil det auke moglegheita for å oppnå gode prosess- og resultatkvalitetar.

Strukturkvalitet	Prosesskvalitet	Resultatkvalitet
• Personaltettleik • Kompetanse • Inne- og uteareal • Økonomi	• Lyttande og omsorgsfullt samspel mellom barn og vaksne • Godt samarbeid heim – skule	• Barn sin trivsel • Barn si språkleg- kognitiv- og sosial utvikling

Strukturkvalitet

Strukturkvalitet viser til dei ytre forutsetningane, eller rammene rundt skulen. Dette kan mellom anna handle om fysiske tilhøve som bygningar eller uteområde. Om menneskelege ressursar, dei tilsette sin kompetanse og vaksentettleik. Vidare kan det handle om skulen si organisering og kommunen sin økonomi.



Kjelde:

- Udir (2024/2025) [Tal knytt til lærartettleik](#)
- Udir (2024) [Kva er kvalitet?](#)

Strukturkvalitet på Voss

19

Lærartettleik. Det er vedtatt nasjonale reglar i høve til lærartettleik i den norske grunnskulen. I 1. – 4. trinn skal det vera ein lærar per 14 barn, og frå 5. – 10. trinn skal det vera ein lærar per 20 barn. På Voss er det i dag til dels store skilnader på lærartettleiken på dei ulike skulane. Den største skilnaden finn ein på ungdomstrinna:

- Vossestrand har 9,79 elevar per lærar
- Granvin har 10,32 elevar per lærar
- Voss US har 19,43 elevar på lærar

Også på barnetrinna finn ein skilnadar. Generelt kan ein sei at dei mindre skulane, har noko høgare lærartettleik enn dei større skulane.

Kompetanse. Det er fleire yrkesgrupper som jobbar i skulen, men i hovudsak er det grunnskulelærarar og miljøpersonale. Per desember 2024 har ein 8 grunnskulelærarar som ikkje stettar kompetansekrava i Vossaskulen. Skulane melder også at det kan vera vanskeleg å få tak i kvalifisert personale midt i skuleåret, ved til dømes permisjonar eller sjukemeldingar.

Inne- og utearealet. Det er stor skilnad i kvalitet på inne- og uteområda til dei ulike skulane i heradet. Nokre skular er relativt påkosta, og har gode lokale medan andre har behov omfattande oppgraderingar.

Lærartettleik i skulane på Voss

	2022-23 [?]	2023-24 [?]	2024-25 [?]
	Alle trinn [?]	Alle trinn [?]	Alle trinn [?]
	Alle eierformer [?]	Alle eierformer [?]	Alle eierformer [?]
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Lærertetthet i ordinær undervisning [?]	Lærertetthet i ordinær undervisning [?]	Lærertetthet i ordinær undervisning [?]
- Hele landet	15,63	15,63	15,63
- Vestland	15,29	15,27	15,26
 Voss	15,18	15,82	15,81
Bjergum skule	13,80	14,15	13,61
Bulken skule	13,73	15,13	12,15
Evanger skule	10,64	12,60	12,50
Gjernes skule	12,76	15,15	13,68
Granvin barne- og ungdomsskule	11,20	11,59	14,83
Gullfjordungen skule	15,24	15,15	14,89
Palmafossen skule	15,33	16,05	14,75
Skulestad skule	13,81	15,77	16,34
Vangen skule	15,71	15,40	17,82
Voss ungdomsskule	19,87	19,70	19,43
Vossestrand barne- og ungdomsskule	13,07	13,02	12,72

Prosesskvalitet

Prosesskvalitet
• Lyttande og omsorgsfullt samspel mellom barn og vaksne • Godt samarbeid heim – skule

I opplæringslova § 10-1. står det mellom anna at handlingar og avgjerd som vedkjem eleven, skal kva som er best for eleven vera ein grunnleggande omsyn.

Alle barn i Vossaskulen skal ha eit godt og trygt skulemiljø fri for krenkelsar og mobbing. Skulen skal jobba førebyggjande for å sikra at alle barn har eit godt å trygt skulemiljø ved å kontinuering arbeida med å fremja helse, inkludering trivsel og læring.

Gode relasjonar mellom barn - vaksne og barn – barn er avgjerande for at barn trivest og utviklar seg i skulen.

Kjelde:

- Udir (2024) [Kva er kvalitet?](#)
- Lovdata, [Opplæringslova](#)

Resultatkvalitet

Resultatkvalitet
• Barn sin trivsel • Barn si språkleg- kognitiv- og sosial utvikling

Resultatkvalitet seier noko om kva ein ynskjer å oppnå. For både barnehage og skule, er ein av grunnpilarane at ein skal utjamna sosiale forskjellar og gje barna våre dei beste føresetnader for å kunne bli sjølvstendige individ.

Skulen skal, i samarbeid med heimen opne dører mot verda og framtida og gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og ein vitskapleg tenkjemåte.

God trivsel, sosial- og fagleg utvikling i grunnskulen skal vera med å rusta elevane til vidare utdanning- og arbeidsliv.

Kjelde:

- Udir (2024) [Kva er kvalitet?](#)
- Folkehelseinstituttet (2011) [Betre føre var...](#)



Eit godt psykososialt skulemiljø

Følgende innsatser og karakteriska anses å være viktige eller avgjørende for å skape og opprettholde et godt psykososialt skulemiljø:

1. Lærerne har en bevisst strategi for å bli kjent med den enkelte elevs egenart og behov.
2. Det eksisterer et system for å vurdere i hvilken grad den enkelte elev får dekket behov for trygghet, tilhørighet, selvstendighet og opplevd kompetanse i skolesituasjonen.
3. Skolesituasjonen er preget av a) tydelig ledelse og struktur, b) gode relasjoner mellom lærere, elever og foresatte og c) en rimelig grad av elevmedvirkning.
4. Det er en kontinuerlig og systematisk innsats mot mobbing. I denne innsatsen står a) mobbespesifikk forebygging, b) effektiv avdekking av mobbing og c) effektive tiltak for å gripe inn og stoppe mobbingen sentralt.
5. Hele skolens personale tar ansvar for og har kompetanse til å avdekke og gripe inn når mobbing oppstår.
6. Skolen samarbeider godt med foreldrene og bruker de som ressurs for å skape et godt psykososialt skulemiljø.
7. Skolen har høy endringsberedskap og kapasitet for implementering av gode psykososiale miljø spesielt, og utvikling av organisasjonen/skolen over tid generelt.
8. Skolens kapasitet omfatter faktorer både hos den enkelte i personale (f.eks. kunnskap, ferdigheter, motivasjon), skolen (f.eks. ledelse, samarbeid) og utenfor skolen (f.eks. skoleeiers støtte, nasjonale føringer).
9. Skolen har en ledelse som viser retning i arbeid med utvikling og opprettholdelse av gode psykososiale miljø, har blikk for utvikling av organisasjonen og for utvikling av personalet.
10. Skolen er preget av en kollektiv orientering til arbeidet i kollegiet.
11. Skolen er kjennetegnet av høy grad av kollektiv forpliktelse der mange har lederansvar.
12. Det er effektivt samarbeid mellom personalet, og mellom personalet og andre aktører i og utenfor skolen.
13. Det er en felles forståelse for mål og oppgaver i personalet.
14. Høy implementeringskvalitet sikres ved å holde fokus både på hva som skal implementeres og hvordan det skal implementeres.
15. Skolen har rutiner og strukturer (infrastruktur) som ivaretar behovet for trening av nye ferdigheter og veiledning i omsettingsprosessen fra kunnskap til praksis.

Har skulestørrelsen noko å seie for elevane sin trivsel og læring? Nordahl har gjort ei kunnskapsoppsummering som viser følgjande:

- Hovudkonklusjonen viser at det er lite samanheng mellom skulen sin størrelse og elevane sin læring og trivnad. Det finnest variasjonar, men når ein kontrollarar for andre variablar, kan ulikskapen i liten grad forklarast av skulen sin storleik.

Nordahl finn likevel nokre variablar som han ynskjer å løfte fram:

- Opp til ein viss skulestørrelse ser ein, ein svak positiv samanheng i høve læringsutbytte. Vert skulen for stor, vert det ein svak negativ samanheng. Nordahl finn at punktet for den ideelle størrelsen for ein barneskule er 500 – 700 elevar.
- Ved større skular vil leiinga bestå av fleire personar, dette vil styrka skulen ved at leiarane kan danne eit profesjonelt fellesskap om kan bidra til betre leiing.
- I høve trivsel og mobbing finn Nordahl at skulestørrelse har tilnærma ingen betyding.


Skulestørrelse og kvalitet

Læreren og den pedagogiske kompetansen læreren har og anvender er den mest avgjørende faktoren for kvalitet i skolen, forstått som elevenes læring, trivsel og inkludering i fellesskapet (DuFour & Marzano, 2011). Læreres som er dyktige til å gi feedback til elevene, etablere relasjoner til elevene, er tydelig og har god struktur på undervisningen og kan sitt fag, bidrar i stor grad til at elevene får realisert sitt potensial for både faglig og sosial læring. Dette er lærere som gjennom sin pedagogiske praksis uttrykker tydelige forventninger til elevene samtidig som de også gir nødvendig støtte og hjelp. Sammen med andre lærere har de også en kollektiv oppfatning at de skal lykkes med de elevene de har (Donohoo, 2017).

Thomas Nordahl (2022) [Skulestørrelser og sammenhenger med elevens trivsel og læring](#) s. 25



KOMPETANSE OG BEMANNING




Tilsette som går av med pensjon


- Oversikta til venstre viser tal tilsette (fast tilsette) som vert 67 år, i perioden 2026 – 2045. Dette gjev oss også eit bilete på kva lærarkompetanse me må få inn i løpet av dei neste 20 åra, då dagens tilsette går av med pensjon.
- Median alder på tilsette i Vossaskulen er 45 år (født i 1980).
- Til saman vil 250 fast tilsette gå av med pensjon i den neste 20 års perioden.

Tilgjengeleg kompetanse framover 2024

Figur 3.8: Grunnskolelærerutdanningen 5-10. trinn - nøkkeltall til hovedopptaket de siste ti årene



Figur 3.7: Grunnskolelærerutdanningen 1-7. trinn - nøkkeltall i hovedopptaket de siste ti årene





Tabellane viser nøkkeltal frå hovudopptaket til grunnskulelærarutdanninga dei siste 10 åra.

Trenden er nedgåande. Grunnskulelærarutdanninga for 5. – 10. trinn har nær ei halvering av søkarar som tek i mot tilbud om utdanning (lilla linje).

Tilgjengeleg kompetanse framover 2025

28



Tabellane viser nøkkeltal frå hovudopptaket til grunnskulelærarutdanninga dei siste 10 åra.

Både for grunnskulelærarutdanninga 1 – 7 og 5 – 10, viser det ein svak positiv endring. I motsetning til på førre side, viser ikkje desse diagramma kor mange som faktisk tar i mot plass på utdanninga. Truleg kjem dette på bakgrunn av endringar i karakterkrav, i inntakskrava.

Kjelde: Samordna opptak (2025) [Søking på utdanningsområde](#)

Kompetanse og rekruttering I

I 2023 gjennomført KS i samarbeid med NTNU ei undersøking i norske kommunar og fylkeskommunar på kor vanskeleg det er å rekruttere lærarar i Noreg. Her er nokre hovudpunkt:

- Skulane sine utfordringar med å rekruttera lærarar er svært varierende. Variasjonane skuldast faktorar som geografi, trinn, fag, arbeidsmarknad i regionen og liknande.
- Dei fleste skular finn det ikkje veldig utfordrande å rekruttera dei fleste stillingar gjennom hovudutlysinga til skuleoppstart, medan det elles i året er det utfordrande.
- Nokre fag er meir utfordrande å rekruttera til, bla. praktisk- estetiske fag og språkfag som tysk, spansk og fransk, men også engelsk.
- Det er meir utfordrande å rekruttera til grunnskulen enn til vidaregåande skule
- Skulestorleiken er ifylgje rapporten ein viktig faktor som bestemmer omfang av rekrutteringsutfordringar. Skulen sin storleik, geografi og stad er av betydning.


- Sentrumsskular og skular i tettstadar utanfor sentrum har betydeleg færre utfordringar enn skular i distriktet. Skular i større byar, som ikkje ligg i sentrumskjernen, har færre søkjarar enn sentrumsskulane.
- Lærarar ser ut til å ha geografiske preferansar for kor dei vil jobba, slik det er i mange andre yrker.
- Mangel på arbeidskraft i andre sektorar synes å ha negativ innverknad på moglegheitene for å rekruttera lærarar til skulen.
- Fleire kommunar gjer tiltak for å tiltrekke seg fleire lærarar, dei mest nytta er rettleiing/vidare- og etterutdanning samt samarbeid med UH-sektoren
- Det er vanskelegare å rekruttera lærarar frå 1. – 4- trinn enn kva det er på 5. – 10. trinn. Nyutdanna lærarar har ein smalare kompetanse enn kva tidlegare utdanning gav, og har difor færre fag dei underviser i. Dette bidreg også til at barneskulane vil ha fleire utfordringar med å få timeplanen til å gå opp, med godkjent kompetanse.

Skuleåret 2024/2025 har Voss herad tilsett 8 lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava

Rekruttering på Voss

Det finst ulike modellar når det gjeld rekrutteringa, som har ulik grad av sentral styring. Figuren til høgre viser kva som er tilfelle på landsbasis.

På Voss vert stillingane lyst ut sentralt og tilsetjingar vert koordinert sentralt. Me nyttar allereie i dag økonomiske incentiv i rekrutteringsprosessen, der nyttilsette får ein viss sum. Me er også kjent med at nyttilsette i kommunar rundt oss får sletta delar av studiegjelda.




Figur 22: Hvordan organiseres rekrutteringen? Grunnskoler.



BARN MED STORE HJELPEBEHOV

Tal elevar med store hjelpebehov



Tabellen til høgre viser tal barn med store og livslange hjelpebehov.

I Voss herad møter 39 av 1973 elevar følgjande kriteria:

- Dei må ha sakkunnig vurdering med beskriving av behov for minst 1:1.
- Ressursen som er knytt til eleven, og kan i all hovudsak ikkje nyttast av andre elevar /klasse.
- Må ha livslangt hjelpebehov. (Diagnose og eller sakkunnig vurdering underbygger dette.)

Voss har om lag 2% av elevane våre med store hjelpebehov. Det er monaleg fleire enn dei kommunane me har samanlikna oss med.

Korleis har me fått tak i desse tala?

Me har vore i kontakt med andre kommunar som også er i kostragruppe 7 og bede informasjon på kor mange elevar dei har som følger kriteria over.

Skuletilbod til elevar med livslange hjelpebehov, i dag

I dag får storparten av desse elevane si grunnskuleopplæring ved nærskulen sin. Det er utfordrande at kompetansen på dei ulike nærskulene vert personavhengig, og i liten grad vert støtta av robuste strukturar og fagmiljø.

Dei siste åra har Vangen skule bygd opp «Gul avdeling», der ein har fasilitetar og kompetanse som varetek elevane på ein god måte. Formelt er ikkje dette ei styrka avdeling det går ann å søke seg til, men ein opplever i større grad no enn tidlegare at dette er eit ynskje. Fleire foreldre ser nytta av miljøet på Vangen skule, og ynskjer plass til barna sine der.

Nærskuleprinsippet er heimla i Opplæringslova [§ 2-6. Kva grunnskole skal eleven gå på.](#) i den heiter det som følgjer:

Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.

Ved oppretting av ein ny barneskule i sentrum, vil det bli mogleg for foreldre å **søke plass** til sitt barn, med store, livslange hjelpebehov.



SKULEVEG OG SKULESKYSS

Skuleskyss

Retten til skyss vert utløyst dersom eleven har over 2 km (1. klasse), 4 km (2. – 10. klasse) til skulen, eller dersom skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg.

År	Tal elevar med skyss	Prosent elevar med skyss
2020	661	35,7%
2021	634	33,8%
2022	679	35,3%
2023	678	34,4%
2024	743	37,7%

Tabellen viser utviklinga i høve tal barn med skyss heile, eller delar av året, i perioden 2020 - 2024

Elevar med skyss 2024/2025

Skule	Tal elevar totalt	prosent elevar med skyss
Vossestrand barne- og ungdomsskule	152	89 %
Voss ungdomsskule	562	51 %
Vangen skule	233	3 %
Skulestad skule	175	12 %
Palmafossen skule	174	52 %
Gullfjordingen skule	150	0,6 %
Granvin barne- og ungdomsskule	120	48 %
Gjernes skule	136	21 %
Evanger skule	54	46 %
Bulken skule	89	68 %
Björgum skule	128	17 %


Tabellen viser prosent tal elevar med skyss heile, eller delar av året, til den einskild skule, for skuleåret 2024/2025.

Kjelde:

- SSB henta den 28.4.2025 frå [Elever i kommunale og private grunnskoler som får skoleskyss, etter region, statistikkvariabel og år](#)
- Grunnskulens informasjonssystem (GSI)

Mobilitet i heradet


Illustrasjonen kjem frå LÉVA-rapporten som er bestilt i høve revisjon av kommuneplanen. Den viser avstandar frå dei ulike områda, og inn til Vossevangen.





ØKONOMI

Gjennomsnitt tal elevar per kommunal skule (2023)



Gjennomsnitt elevtal per kommunal skule

Oversikta viser i gjennomsnitt kor mange elevar det er per skule, i kommunane i kostragruppe 7.

- Voss har i gjennomsnitt 179,3
- Medan gjennomsnittet i kostragruppe 7 er 246,9


Kostnadsnivå og skulestruktur - Teneste 202 Grunnskule

- Netto driftsutgifter til undervisning (202) per innbyggjar 6-15 år visar kva det kostar å drifte ein kommunal elevplass.
- Elevkostnaden bør stå i eit visst forhold til skulestorleiken.
- Samla netto utgift til undervisning i grunnskule var ca. 131 696 kr i 2021, noko som er om lag 16 000 kroner meir enn gjennomsnittet i Kostragruppe 7.
- Per 2024 er denne differansen på om lag 18 000 kroner.


Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	131 696	136 100	135 783	136 679
Kostragruppe 07	115 811	114 503	120 448	118 309
Aurskog-Høland	108 998	103 751	108 427	109 655
Ørsta	113 528	116 917	123 459	
Alver	121 801	120 361	124 367	122 034
Kongsvinger	119 440	113 303	121 615	119 561




Netto driftsutgifter i grunnskulesektoren

Tabellen viser kor mykje av våre totale budsjettmidlar som vert nytta på grunnskulesektoren i 2023 Samanlikna med kommunane i Kostragruppe 7

Snitt for Kostrgruppe 7 er på 25,1%, Vossaskulen ligg på 24,0%

Samanlikna med andre kommunar driv ikkje Voss ein dyr skule, gitt den skulestrukturen me har i dag.

Kostnad per elev i Vossaskulen



*Gjennomsnittskostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).



MEDVERKNAD

ELEVAR, FORELDRE OG TILSETTE

15.5.2025

Ein skule for framtida

Til elevråda i Vossaskulen

Politikarane i Voss herad har bede skulesjefen sjå på korleis strukturen i Vossaskulen skal sjå ut no og i framtida (kring 30 år framover). Struktur i denne samanhengen betyr kvar skulane våre skal vera, og kor mange elevar skulane skal ha plass til. Dette skal me gjera for å sikra berekraftige skular. Å ha berekraftige skular vil sei at me har nok lærarar og andre vaksne til å jobba i skulane, at det er nok elevar og at me brukar pengane på ein fornuftig måte.

Politikarane har bede om at skulesjefen ser på nokre ulike alternativ:


- Eit alternativ er at me utvidar, eller bygger ny skule med plass til fleire elevar i eller rundt Vangen (sentrum).
- Eit anna alternativ er å sjå korleis me organiserer ungdomstrinna våre. Skal me samla alle elvane på ungdomstrinna på Voss ungdomsskule, eller om me skal endra kringsgrenser slik at fleire elevar byrjar på ungdomstrinna på Vossestrand eller i Granvin.
- Eit tredje alternativ er å slå saman skular utanfor sentrum
- Alternativ fire, er å sjå på korleis det vert om me endrar kringsgrensene, som bestemmer kva skule dei ulike elevane høyrer heime på.
- Sist skal skulesjefen sjå kva som skjer dersom me ikkje gjer nokre endringar, men beheld skulestrukturen slik den er i dag.

For at me, skulesjefen og politikarane skal kunna ta best mogleg val for barn og unge på Voss, treng me hjelp frå dei som går på skulane våre i dag. Me har difor nokre spørsmål til elevråda. Svara de gjev vert nytta i skulesjefen sin sak til politikarane om skulestrukturen på Voss. Saka har for namnet «Ein skule for framtida».

Elevmedverknad

15. Mai 2025, vart det sendt ut brev til elevråda på alle grunnskulane i Voss herad. Som det går fram av brevet til venstre fekk elevane noko informasjon administrasjonen sitt mandat, samt spørsmål som omhandlar kvar enkelt skule.

Du kan høyre ein podcast, som gjev ei samanfating av innspela frå elevråda her. Svara i sin heilskap kan lesast i saka, ei oppsummering finn du i skuleportretta.



Medverknad for tilsette

19. Mai 2025 vart det gjennomført workshop for å sjå på korleis skulestruktur for Vossaskulen skal sjå ut i framtida, og få innspel til kva ein kan gjere no for å få økonomisk gevinst i 2027.

Deltakarane fekk utlevert kart som viser kva barna på Voss bur, oversikt over elevtal på alle skulane, og tilgjengeleg kapasitet på dei einskule skulane. Dei vart bedne om å utarbeida alternative skulestrukturar, der dei også måtte ta høgde for endringar i barnehagestrukturen, og sjå på kva moglegheiter dette kunne gje.

Deltakarar: Rektorar og plasstillitsvalte på alle skulane, hovudtillitsvalt og hovudverneombod.

Medverknad for FAU, foreldre

Det har vorte gjennomført FAU-møte på alle Vossaskulane, i forbindelse med struktursaka. Skulesjef har deltatt på alle FAU-møte på skulane, med unntak av ved Voss ungdomsskule.

Foreldra har fått følgjande spørsmål:

1. Den pedagogiske og organisatoriske stoda på skulen i dag.
 - Kva er de nøgde med på skulen dykkar?
 - Kva forbetningspotensiale er det på skulen?
2. Kva er viktigast for deg som føresett når det gjeld kvardagen til borna på skulen?
3. Kva betyr det for deg og familien din at det finst ein skule i nærmiljøet?
4. Kva uroar deg mest dersom skulestrukturen vert endra?
5. Korleis trur du ei eventuell endring vil påverke kvardagen til familien din?
6. Er det noko anna du vil løfte fram?
 - Kva er den aller viktigaste budskapet din?

I tillegg har dei ulike skulane fått nokre spørsmål som er spesielt knytt mot dei.

Høyr podcast om innspela frå FAU her. Svara i sin heilskap kan lesast i saka, ei oppsummering finn du i skuleportretta.

23.4.2025

Spørsmål til FAU i Granvin

Referatmal

Spørsmål til FAU

Utgangspunktet er to problemstillingar som ein ynskje spesifikt å få fram:
-alle ungdomsskulelevane i heradet vert samla på Voss Ungdomsskule
-styrkja ungdomstrinnet i Granvin


1. Den pedagogiske og organisatoriske stoda på skulen i dag
 - Kva er de nøgde med på skulen dykkar?
 - Kva forbetningspotensiale er det på skulen?

Nøgd med:

Forbetningspotensiale:

2. Kva er viktigast for deg som føresett når det gjeld kvardagen til borna på skulen?

3. Kva betyr det for deg og familien din at det finst ein skule i nærmiljøet?



Medverknad for politikarar

11. Juni vart det gjennomført medverknad for politikarar i Utval for levekår og Formannskapet.

Til liks med styrarane, rektorane og dei tillitsvalte fekk politikarane utlevert kart som viser kva barna på Voss bur, oversikt over elev- og barnetal, samt tilgjengeleg kapasitet på dei einskule barnehage og skule. Dei vart bedne om å utarbeida alternative barnehage- og skulestrukturar.

Deltakarar: Folkevalde frå Utval for levekår og Formannskapet, hovudtillitsvalte, tilsette frå stab oppvekst og planavdelinga.